

DET NORSKE TEATRET

Oslo 13. august 2021

Svar på høyring om reviderte retningslinjer for normering

Det Norske Teatret takkar for høvet til å levere høyringsfråsegn til Framlegg til reviderte retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk, som Språkrådet sende ut på høyring 3. juni i år.

Språket høyrer fellesskapen til. Overordna ser Det Norske Teatret positivt på at ikkje berre større rettskrivingsreformer, men også mindre endringar av norma no skal bli sende ut på brei høyring. Det viser i praksis at språket er nettopp ein felles eigedom. Vi trur også det vil bidra til at språkbrukarane får sterkare kjennskap og sterkare eigarskap til den til kvar tid gjeldande norma.

Kunnskap om breidda i norma er ein føresetnad for å kunne nytte eit rikt og godt språk både innanfor kunsten og i det administrative, og for å røkte ein skriftradisjon. Ikkje minst er det viktig for Det Norske Teatret som språkpolitisk aktør og ein nynorskinstitusjon som kvar dag diskuterer språklege val internt å få kunne gi uttrykk for føreslegne normendringar som vi er usamde i. Det er også bra at einskilde språkbrukarar som nyttar norma i det daglege får den demokratiske retten til å komme med innspel på det dei meiner ikkje fungerer i den felles rettskrivinga vår.

Det er likevel eit sentralt poeng, slik høyringsnotatet presiserer, at språket blir normert og røkta av Språkrådet som nøytral faginstans, i tråd med vedtatt språkpolitikk, og at Kulturdepartementet framleis skal vedta gjennomgripande endringar i rettskrivinga.

Det Norske Teatret er ein stor og viktig leverandør av nynorsk til den norske offentlegheita, både som formidlar av teater på normert nynorsk og som ein aktør med nynorsk som marknadsføringsspråk. Vi er medvitne om at vi også påverkar framtidig normering av språket gjennom dei språklege vala vi gjer. I Kapittel 2 i framlegget er det eit nytt avsnitt som handlar om tekstgrunnlaget for normering. Det er fornuftig å skilje mellom type tekstar og kvaliteten på desse, og ikkje kva ulike medium tekstane er publiserte i, slik Språkrådet gjer i framlegg til endring. Meir og meir av den teksten Det Norske Teatret publiserer finst berre digitalt, utan at det betyr at han er mindre gjennomarbeidd eller mindre relevant enn tekst som tidlegare vart publisert på papir.

Beste helsing

Hans Antonsen (sign.)

direktør

Inger Johanne Sæterbakk (sign.)

språkkonsulent

